

# KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 06.05. 2013, kl.12.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Marianne Molvær, Svein Værnes og Gunnvor Reistad Aannø **= 4 voterande**

Jan Arild Lied hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen,

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### SAK 05/13

#### GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 29. APRIL 2013

#### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 29. april 2013 blir godkjent.

### SAK 06/13

#### DRØFTING AV TEMA FOR EVENTUELL VIDARE BEHANDLING

Leiar tok opp nokre punkt til drøfting. Mellom anna var det ei frådelingssak som forøvrig ikkje var oversendt til kontrollutvalet. Kontrollutvalet var av den oppfatning at saker der private interesser er involvert, må kontrollutvalet gjere ei konkret vurdering i kvar sak av om kontrollutvalet vil gå inn i saka.

Kontrollutvalet drøfta også det forholdet at Sivilombudsmannen hadde påpeikt lang svartid og lang saksbehandlingstid i kommunen. Kontrollutvalet oppmoda kommunerevisjonen å vurdere om temaet skulle innlemmast i planlagt forvaltningsrevisjon eller bli undersøkt som eit eige tema.

Det vart ikkje gjort vedtak i denne saka.

**SAK 07/13**

**STATUS I ARBEIDET MED FORVALTNINGSREVISJON**

Kommunerevisjonen opplyste at dei var i full gang med forvaltningsrevisjon av byggesaksbehandling og at det kanskje kunne ligge føre eit utkast før sommarferien.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 08/13**

**EVENTUELL GJENNOMGANG AV TEMA FRÅ UTVALA SINE MØTEBØKER**

Ingen tema vart innmeldt. Marianne Molvær tek over gjennomgang av sakspapir for helse- og sosial.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

Marianne Molvær  
medlem  
(sign.)

Svein Værnes  
medlem  
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø  
medlem  
(sign.)